



Deres ref:

Vår ref:

Sakshandsamar:
Finn-Arild Bystrøm

Arkivkode:

Dato:
12.03.2020

Anbefaling til næringsliv, lag- og foreningar og arrangørar

Godkjent av (x)	Ordførar		Rådmann	x	Kommunelege	x
-----------------	----------	--	---------	---	-------------	---

Seljord kommune har enda ingen påviste koronasmitta. La oss jobbe saman for å unngå det. Vi oppmodar alle innbyggjarar, lag og organisasjonar, arrangørar og næringsliv til å saman taka omsyn til kvarandre og med det verne om dei av oss som ikkje vil tåle et utbrot av smitte.

Alle kan gjera noko. Alle bør vera med og bidra. Som enkeltperson kan vi bidra med enkle tiltak:

- God handhygiene: Vask henda ofte
- God hostehygiene: Hoste i papirlommetørkle eller i olbogehola
- Ikkje smitte andre; Er du forkjøla eller har influensa, ikkje besøk eldre, sjuke eller andre som er i risikograppa, føre du er frisk igjen.

Næringsliv, lag- og foreningar og andre arrangørar:

- Seljord kommune anbefala å avlyse planlagde arrangement inntil vidare.

I butikkar og steder kor folk ofte møtast bør alle bli minnet om tiltaka den enkelte kan gjere for å redusere smitte.

- For godt reinhald anbefalast det at flatar folk nyttar blir vaska minimum 5 gonger til dagen med ny, fuktig mikrtofiberklut, og med ny side på kluten for kvart objekt ein vaskar.
- Vask hendene og bruk handsprit som eit supplement til handvask
- Avstå frå handhelsing, kyssing og klemming, for å redusere overføring av smitte
- Hold minst ein meters avstand til både friske personar og de som hostar eller nyser, når det er mogleg.
- Unngå så langt det er mogleg å ta deg i ansiktet. Virus kan overførast fra hendene til munnen og slimhinnene i øyene og nase. Derifrå kan viruset transportere inn i kroppen.

Alt skjer fort og vi klarar ikkje å halde alle oppdatert på alt til ein kvar tid. Seljord kommune oppmodar alle til å følgje med og oppdatera seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, www.fhi.no
- Helse Noreg, www.helsenorge.no
- Sentrale mediehus i Noreg, for eksempel NRK

Vh
Finn-Arild Bystrøm
Rådmann



Vanar som førebyggjer **smitte**



Papirlommetørkle

framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.

Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nyse og ikkje har papirlommetørkle for handa.



Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.

Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

